

BOKN BYGDABLAD

NR. 1 - FEBRUAR 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN FISKEMOTTAK A/S KONKURS

NYE BOKN FISKEMOTTAK A/S OVERTEK


I kommunestyret den 19. januar kom det ei sak direkte på bordet angående at Bokn Fiskemottak A/S den 18. januar vart innlevert til skifteretten.

Spørsmålet var om Bokn kommune skulle gå inn med kr. 50.000,- i aksjekapital i eit nytt driftsselskap som skal leiga anlegget frå buet.

Etter ein del diskusjon vart det vedtatt med 15 mot 2 røyster at Bokn kommune skulle gå inn med kr. 50.000,- til kjøp av aksjer i Nye Bokn Fiskemottak A/S.

Sigurd Johnny Svendsen hadde foreslått at kommunen ikkje skulle gå inn med aksjekapital i det nye selskapet. Han sa at Bokn kommune nå hadde gjort sitt i det tidlegare selskapet ved å gå inn med kr. 170.000,- i aksjekapital og gitt lån på kr. 283.000,-. Han meinte at oppdrettarane sjøl nå burde gå inn og investera.

Saksframlegget frå rådmannen viste altså at kommunen totalt sett har brukt 453.000,- kr. i aksjekapital og lån i det gamle selskapet som nå er tapt. Det er vel også




sannsynleg at Bokn kommune ved tilrettelegging av tomt, bruk av næringskonsulent m.v. har lagt endå større summar for å halda anlegget i gang, men så er det også tale om 10-20 arbeidsplasser. Dette vart av fleire framhalde som den viktigaste grunnen til at dei nå ville støtta bedrifta og la den få ein ny sjanse.

Utanom Bokn kommune vil Bokn Settefisk A/S, Loden Laks A/S, Vågen Laks A/S, og Øvrebø Fisk A/S gå inn som interessentar med til saman 250.000,- kr.

KAFE I FØRESVIK GÅR BRA

Mindre omsetning ved Arskroen
kiosk og kafe etter Rennfast.



TERMINALBYGG PÅ BOKN - ARSVÅGEN

Etter at Rennfast vart opna, og ferjefrekvensen vart kvart 40. minutt frå Arsvågen til Mortavika, hadde innehavaren av Arskroen kiosk og kafe, Finn Drange, forventta at omsetninga ville gå noko ned. Etter 2 mnd. med auka ferjefrekvens, viser det seg at det har blitt større svikt i omsetninga enn Finn Drange hadde venta. Han seier til bygdabladet at omsetninga har gått betydeleg ned, og han har måtta gå ned i antal tilsette. Han har nå berre to tilsette att i 50% stillingar utanom dei som gjer reint. I tillegg går han sjølv og andre medlemmer av familien. Det har altså slått merkbart ut at ferjene nå går oftare, og folk er meir tilbøyelege til å venta på ferja ved å bli sitjande i bilen.

Likevel viser det seg at vind og ver har litt å bety kor vidt folk går inn i kafeen. Det er tydeleg at når veret er bra, går folk ut av bilken og inn i kafeen.

Finn Drange seier at det sannsynlegvis vil bli noko betre når det går mot lysare tider. Likevel synes det som om folk nå også reiser meir med hurtigbåt og buss, og dermed kjem dei ikkje innom kafeen på Arsvågen.

Finn Drange har avtale Vegvesenet når det gjeld leige m.v. av lokala. Han håpar han kan få til ein avtale som gjer det muleg å driva kafeen sjølv om det i framtida vil bli mindre omsetning enn det var då ferjene gjekk på Mekjarvik.

Når det gjeld den nye kafeen som Finn Drange nyleg opna i Føresvik, går den betre enn det han hadde forventta. Det er særleg ungdom som bruker kafeen. Herfrå leverer han også ut smørbrød m.v. til dei som bestiller, og denne delen av drifta går også ganske bra. Han leverer ein god del både til Bokn og Tysvær.

SWINGKURS

Bokn Swingklubb arrangerer swingkurs 12. og 13. februar. Instruktør: Jan Kvinnesland. Sjå oppslag.



Vinter

*Du vesle fugl på mitt fuglebrett,
som gjer meg glad når du et deg mett.
I skjelven tru at eg er ein ven,
du ventar på meg når morgon kjem.
Om det me deler er smuler små,
me kjenner gleda å gje og få.*

*Du høyrer med i Guds skaparverk,
der ein er liten og ein er sterk.
Du flyg av stad og suta gløymer,
at eg deg fylgjer og stundom drøymer.
Når det er frost over mark og trer,
då treng me begge ha nokon nær.*

*Eit håp – eit nytt år – at vår kjem att,
då sit du ikkje i «frostig» natt.
Når det vert grønt mellom hus og eng,
du byggjer reiret og lagar seng.
Og ny vert songen – du takkar visst,
for liv og spirar på naken kvist.*

*Så Gud ver du den som gjev oss mat,
og sjå til dei som har tomme fat.
La kjærleik smelta den frostne jord,
så ei til skamme det vert ditt ord.
La håp om vår som kjem att ein gong,
gje liv til tonar og ny vårsong.*

Magna Eknes

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

Sundag den 31. januar gjekk Ungdommens Kulturmønstring av stabelen på Bokn skule.

Dette er ei årviss mønstring som fritidsleiar i samarbeid med Musikkskulen står for. I år blir det 14 -16 ungdommar frå Bokn som saman med mange frå andre kommunar skal visa kva dei kan i Sola Kulturhus den 14. mars. Dette er den såkalla fylkesmønstringa.

Frå Bokn vil det bli vist fram applikerte bilde, ein eigenprodusert videofilm, discodans og ein minimusikal "I Dovregubbens Hall".

Me ynskjer dei aktive ungdommane lukka til!

OPNE MØTE

Frå 1. januar 1993 er det fleire nye lovar som er blitt gjort gjeldande. Særleg vil ein nemna ny kommunelov, kor det m.a. er bestemt at møte i folkevalde organ som hovedregel skal vera opne. Deler av møta kan måtta haldast lukka, avhengig av kva saker som er til behandling.

Innan kommunesektoren er det også frå 1. januar gjort gjeldande ny lov om sosiale tenester og ny lov om barneverntenester.

OGNØY – OGNØYNA

Vegvesenet ynskjer å setja opp namneskilt på dei nye bruene på Bokn og på Ognøy. Etter den nye stadnamnlova skal nå kommunen uttala seg ved slike stadnamnfastsetjingar som namn på bruer og øyar.

I dette tilfellet hadde namnekonsulenttenesta tilrådd desse namna på bruene: Frekasundbruna, Ognasundbruna og Boknasundbruna. I tillegg hadde dei tilrådd Ognøyna.

Dei grunnga dette med at det i lokal uttale er vanleg å seia Ognøynå, Frekasundbrunå, Ognasundbrunå og Boknasundbrunå.

Ei "normalisering" ville då føra til skrivemåten "bruna" og "øyna"

Bokn kommunestyre tilrådde desse namna:

Frekasund bru, Ognasund bru og Boknasund bru. I tillegg vart Ognøy tilrådd skrive i ubunden form som her nemnd.

6 FLINKE JENTER

"Redd-jorda-klubben" var det første namnet dei 6 jentene sette på klubben sin. Dei arbeider for å få inn pengar til Redd Barna. Og dei som er med i klubben er Anja Alvestad, Ellen Ognøy, Brit Nesvik, Anne Margrethe Faye Susanne Grønnestad og Elin Borgenvik.

Men etter ei tid syntes dei namnet var litt dumt, så nå er klubben utan namn.

I eitt år har dei samla inn pengar til Redd Barna. Og til saman har det blitt 3 - 4000 kroner dei har sendt avgårde til Redd Barna via SR banken i Bokn.

Koss har dei fått til det? Jo, m.a. ved at dei har selt vafler utanfor butikken hans Steinar om sommaren, ved at dei har hatt basar i venteskuret til bussen i Alvestadkroken, og ved at dei har laga og selt aviser. Då dei hadde basar selde dei både kaffi, saft-og-vatn og fløtekake i buss-skuret. Dei har også selt lynlodd ved handelslaget i Føresvik.

Aktiviteten går helst føre seg i sommarhalvåret, og klubbhuset er Åslandshuset i Alvestadkroken som dei får låna av Herlaug.

Mange små bekker kan bli til ei stor elv!

KVEN FÅR

KULTURPRIS?

Kven bør få kulturpris i 1993 i Bokn?

Bokn kommune vedtok i 1992 at det kvart år kan delast ut ein kulturpris i kommunen. Dette skal vera ei påskjøning til ein person, eit lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Tildelinga skal skje på eit kulturarrangement til hausten.

Bokn kulturstyre vil be om at dei som har forslag på kandidatar, sender dette skriftleg eller på annan måte melder frå til Bokn kulturkontor innan utgangen av februar. Kulturstyret vil så seinare avgjera kven som skal få prisen.

Legg merke til at det ikkje nødvendigvis skal vera ein person som skal ha prisen.

TAKK FOR INNLEGG TIL BYGDABLADET

Det er ikkje alltid at me har tilstrekkeleg med bra stoff til bygdabladet. Dette skuldast ikkje at det ikkje er nok å ta av, men mest mangel på tid og ressursar til å arbeida med denne delen av kultursektoren. Dette er litt synd, for ein har inntrykk av at informasjon til innbyggjarane er ein verdfull del av kommunen sine tenester.

Bygdabladnemnda og redaktøren har vore nokså aktive for å få "vanlege" folk til å skriva for bladet. Me vil herved takka alle som har bidratt. Utan forkleining til dei andre, vil me særleg takka Hilmar Svendsen for dei fornøyelege forteljingane han har gitt oss gjennom fleire år. Håpar det kan gi inspirasjon til andre "ukjende" forteljarar rundt omkring i Bokn eller andre stader som les bladet.

HOBBYBRAKKA

Åpent

mandag - fredag 17.00 - 19.00

lørdag 10.00 - 13.00

torsdag stengt

**NÅ ER TIDEN INNE TIL Å GJØRE ET
GODT KJØP....**

STOFFER TIL 1/2 PRIS:

VINDTETT STOFF TIL SKIDRESSER O.L. blå/rød
NÅ KUN KR. 38,- pr.m.


MØNSTRET GARDINSTOFF 150cm. LYSEKTE ROSA/BLÅ
NÅ KUN KR. 58,-

MØNSTRET MØBELSTOFF BLÅTT/GAMMELROSA
NÅ KUN KR. 120,-

For å få plass til nye varer selges også de fleste
kjole/buksestoffer til redusert pris; 50% - 30% og 10%
avslag.

KURS I SØM AV BARNEBUNAD (hverdagsbunad) ???
interesserte bes ringe 04 748403

Hilsen Solrunn




MODELL **"VALLE"**
SELENIKKERS

AKTUELT NÅ:
VADMEL,
GARN,
BÅND/KNAPPER
finnes i
BRAKKA



MODELL **"TELE ALPIN"**
SKIDRAKT I VADMEL

FORELSK I BOKER



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG : 16 - 19.00

TORS DAG: 10 - 13.30

VAKSNE

Alnæs, Karsten:
Trollbyen

Bjørnstad, Ketil:
Villa Europa

Fielding, Joy:
Sannhetens mareritt

Koontz, Dean R.:
Natten er ond

BARN/UNGDOM

Lindell, Unni:
Fuglefangeren

Newth, Philip:
Hmm?

Prøysen, Alf:
Teskjekjerringa og den
skjulte skatten

Rafaelsen, Ellinor:
Katja; Natt i New York

Strøm, Gro:
Malte og Rosa

KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?



MINNEORD

Marta Serine Jøsang er død, 94 1/2 år gamal. Ho var dotter til Karen og Torgils Jøsang.

Marta var yngst av 4 søsken. Ho budde all si tid i barndomsheimen på Jøsen. Der tok ho del både i husarbeidet og i arbeidet på garden. Ho var også i kortare periodar hushjelp hos andre. Ho sydde også litt for folk i tidlegare år.

Etter krigen arbeidde Marta på hermetikkfabrikken i Føresvik til ho vart pensjonist. Ho har elles stelt hus og heim for seg sjølv og brorsonen Trygve.

Marta Jøsang var med i foreninga for sjømannsmisjonen i Hognaland krins.

Til tross for den høge alderen var Marta Jøsang frisk og sjølvhjelpen heilt til for kort tid sidan. Ho var glad i alle ungar, både dei heime og i nabolaget.

SLUTT PÅ KOMMUNALT STIPEND TIL SKULE- UNGDOM

Frå 1993 er det slutt på at kommunen deler ut stipend til skuleungdom i vidaregåande skule.

Frå hausten 1993 vil det ikkje bli eigenandel på skuleskyss for elevar som går i vidaregåande skule. Men dette semesteret må elevane som dagleg reiser til og frå vidaregåande skule ut med ein eigenandel på rundt kr. 750 for eit halvt skuleår.

Lars Markhus er død, 62 år gamal. Han etterlet seg kona Marit, og 4 born. Tre av desse er vaksne, medan yngste guten vart konfirmert i fjor.

Lars Markhus var rektor ved Straumen skule i Tysvær, kor han har vore tilsett i 18 1/2 år. Til Bokn flytta han inn i mai 1990, kor ektefellen Marit har arbeid og kor yngste son går i ungdomsskulen.

Lars Markhus har tidlegare undervist ved skular i Askøy, Indre Arna, Garnes, Valdres og i Rosendal.

Lars Markhus var ein kunnskapsrik og allsidig lærar og administrator. Han var særleg interessert i natur og miljø, og var eit midtpunkt og samlingsmerke i den store familien alle orienteringsinteresserte føler dei tilhøyrer. Med si glødande interesse for friluftsliv og ein solid kunnskap om naturen, var orienteringssporten eit opplagt interesseval for Lars.

Han hjelpte også til med oppstarting av orienteringsgruppe i Bokn Idrettslag.

Lars Markhus vil bli sakna av elevar og lærarar ved Straumen skule, leiarkollegiet og skuleadministrasjonen sentralt i kommunen han arbeidde i. Lars lærte også dei han var i lag med å respektera naturen. Orienteringsfolket har stansa opp i vørnad og takksemd. Minna om hyggelege samlingar, sunn konkurranse og rike naturopplevingar saman med Lars hjelper oss vidare. Me vonar også hans næraste kan finna trøyst i dette i denne tunge tida.

ALDERDOMMEN

Ingenting er som før. All ting er mye lengre borte enn det var før.


Det er dobbelt så langt til butikken, og jeg har lagt merke til at det er en ny bakke der også.

Jeg har sluttet å løpe etter bussen, den går før den pleide å gå!

Det ser ut som om de lager trappene mye brattere nå enn de gjorde før i gamle dager. Og har dere lagt merke til de små typene de bruker i avisen? Det er ingen vits i å be folk lese høyt heller, alle snakker så lavt at en knapt kan høre hva de sier. Fy, så trange kjolene er blitt nå, især rundt livet og hoftene, og skolissene klarer snart ikke å knytte. Til og med folk forandrer seg, de er mye yngre enn da jeg var på deres alder. På den andre siden, så er folk på min alder så mye eldre enn jeg er. Jeg støtte på en

skolekamerat forleden, hun var så blitt så gammel at hun kjente ikke meg igjen. Jeg tenkte på den "stakkaren" da jeg kjemmet håret mitt i morges, og mens jeg gjorde det fikk jeg se meg selv i speilet.

Du slette tid - de lager ikke lenger så gode speil som de gjorde før.



Fra "Bæringen" -90, Grethe Haarbye.

BOKN RØDE KORS BESØKSTJENESTE

Ønsker alle Godt Nyttår!
Takk for det gamle. Takk for godt samarbeid i året som gikk.

Er det noen som kan hjelpe oss med motiv, bilde fra Bokn til årets platt?

Det er nå noen få platter igjen med motiv fra Bokn kirke.

Henv. Kari - tlf. 04748390

RINGEN KOM TIL RETTE

For ei tid sidan sto ein liten notis i bygdabladet om ein gullring som var funnen. Ikkje lenge etter melde eigaren seg, og fekk ringen. Slik har også hendt fleire gonger tidlegare. Både sykklar klær og andre ting som er meldt sakna er kome til rette. Så det er rart med det - det er som regel nokon som har sett bortkomne ting berre dei får informasjonen om at det er sakna.

ÅRSMØTE I IDRETTSLAGET

Gunnar Bokneberg vart attvald til formann i Bokn Idrettslag ved årsmøtet den 14. januar. Rune Øvrebø vart nestformann og Trond Almås kasserar. Ny sekretær vart May Jorunn Vatnaland og ny materialforvaltar vart Steeven Høyland.

Varamenn til styret er Inge Birkeland og Odd Magne Olaussen.

Ut av styret gjekk May Elisabeth Alvestad og Aud Hanne Rasmussen.

Idrettslaget har tåleg bra økonomi sjølv om det ikkje var overskot på drifta i 1992.

På møtet kor det som vanleg deltok mange barn og unge vart det utdelt ferdighetsmerker og statuettar til dei unge i fotballen.

Idrettslaget sitt største løft er det årlege firebruersløpet som går av stabelen rundt St.Hans. Til sommaren er det det 3. løpet av i alt 10. Dei to første åra var Statens Vegvesen med som arrangør, men nå er det på tale for dei å gå ut av dette arrangementet. Då blir det tilsvarande meir for Bokn Idrettslag. Men med 2 års erfaring skulle vel det kunna gjennomførast greit.

Elles har det i 1992 vore stor og fin aktivitet innan fotballen. I alt 5 lag har vore i aktivitet, flest blant dei yngste. Ein fin innsats har her vore gjort av idrettslaget sine folk.



Utanom dette har det m.a. vore fast trening i volleyball.

Idrettslaget har orienteringskart og løyper i Boknafjellet som blir ein del brukt, og ikkje minst driv laget idrettsskule for dei yngste i samarbeid med kulturetaten.

Friidretten er vel det feltet som har minst vind i segla for tida. Kanskje dette blir eit framtidig område som idrettslaget skal satsa meir på?

DRIKKEVATNET GA MAGESJAU

I NOVEMBER

Ved rutineundersøking av drikkevotnet frå det kommunale vassverket i Bokn den 10.november 1992, vart det påvist E.coli på ledningsnettet. Same veka vart det registrert auka antal henvendelsar til legekantoret av folk som hadde oppkast og diare. Etter rådslaging mellom kommunelege og næringsmiddelkontroll gjekk kommunelegen ut med ei tilråding til abonnentane om at dei burde koka vatn som skulle drikkast.

I den aktuelle perioden kor kvaliteten på vatnet var dårleg, hadde det vore store nedbørsmengder med betydelege overflateskyllingar. Vassverket hadde ingen desinfeksjon av drikkevotnet, men etter at E.coli vart påvist, vart det tilkopla eit resrveanlegg for klorering, og koketiltådinga av vatnet kunne opphevast etter at nye vassprøvar viste tilfredsstillande resultat.

Næringsmiddelkontrollen sende ut spørjeskjema til alle 275 husstandar i kommunen, og fekk svar frå 171. Av desse hadde 58 husstandar privat vassforsyning. Det viste seg at antal sjuke i den gruppa som hadde vatn frå det kommunale vassverket var betydeleg større prosentvis enn dei som hadde privat vassforsyning.

Næringsmiddelkontrollen konkluderer såleis med at det er sannsynleg at forekomst av mage/tarmsjukdom i det aktuelle tidsrom skuldast udesinfisert drikkevotn, og at i alle fall ein del av tilfella skuldast infeksjon med Campylobacterbakteriar som truleg stammar frå beitande dyr eller fuglar.



Næringsmiddelkontrollen understreker i eit skriv at denne hendinga understreker det viktige i eit nært samarbeid mellom kommunelege og næringsmiddelkontroll på eit tidleg tidspunkt i samband med mistanke om mat/vassboren sjukdom, og at det tydeleg er demonstrert betydinga av at det blir tatt ut pasientmateriale for undersøking.

Konsekvensen for samfunnet kan demonstrerast ved at dei 47 som vart sjuke og som har drikkevotnforsyning frå det kommunale vassverket, i gjennomsnitt følte seg sjuke i 3 dagar, varierende frå 1/2 til 7 dagar. Til saman er det oppgitt 19,5 dagar borte frå arbeid/skule.

STØTTAR DU SPEIDAREN?

Møt opp til basar på Bokn Bedehus tysdag 23.02. kl. 18.00.
Mange fine gevinstar.
Servering og underhaldning av speidarane.

Helsing speidarane.

BARNETRIM

Barnetrimmen (idrettsskulen) har starta igjen etter nyttår. Kom til gymsalen kvar tirsdag og bli med. Blir du 3 år før juni -93 kan du vera med i gruppe 3-4 år som startar kl. 16.00-16.45. Blir du 5 år før juni -93 kan du vera med i gruppe 5-6 år som startar kl.16.45-17.30.

May Jorunn og Marit Elin

Ved omlegging til åttesifra telefonnummer i Oslo-området den 28. januar i år har giftinformasjonssentralen fått nytt telefonnummer:

22 60 84 60



TIL SALGS

Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl. utkjørt.
Har og sand, singel og grus.

Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy
tlf.04 51 32 87
mobil 060 70873

BOKN RØDE KORS ÅRSMØTE

På Boknatun torsdag den 11. februar kl. 19.00

Hilde Christiansen

UTLEIE TIL TYSKE TURISTER

Ønsker De å leie ut Deres hytte, hus eller båthus nær sjøen til tyske turister?

Henvend Dem til

IMS FERIENHÄUSER
D - 2121 BRIETLINGEN, TYSKLAND
eller
tlf. 095 498131 84230
Fax: 095 498131 54083

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf.04-748500
Postgirokonto nr.0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side:kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARR. I FEBRUAR:

12.02: Swingkurs kveld
13.02: Swingkurs dag
13.02: Dans. Arr: Idrettslaget

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den
10. februar.

Påmelding til sosialkontoret
04 74 85 00.

HELGEAVLØYSAR

Ledig arbeid for helgeavløysar.
Kontakt Bokn Avløysarlag, tlf.
04 74 84 24.

BYGDETURISME

Bokn Bondelag vil starta
brevring over emnet
"Bygdeturisme".

Antal innsendingar er 5 stk.
Pris ca. kr. 300,-.

Dei som vil vera med gir
melding til Sigmund Alvestad.

TAKK

Takk til alle som hugsa meg
på 90-års dagen.

Jens J. Are

MØTER BOKN BEDEHUS

7.feb. Frelsesarm. kl.11
17.-21. feb. NMS
23.feb. Basar, Speidaren
28.feb. Kristenrussen
4.,5.og 7.mars Indremisj.
14.mars Norsk Lærarakademi
16.-21.mars Indre Sjøm.m.
28.mars Årsmøte
3.april Basar,Hognaland
12.april Blå Kors
18.april Sjømannsmisj.
22./23.april Israelsmisj.
20.mai Indremisj.
29.mai Blå Kors
6.juni Frelsesarmeen
20.juni Santalmisjonen



Gudsteneste

14.02: kl.11.00
Familiegudsteneste.
Utdeling av Godt Nytt
til 4-åringar. Offer
til Bibelselskapet.
28.02: kl.11.00 Gudsteneste
v/ res.kap. Westen.
Offer til Karmsund
Indremisj. Nattverd.